

Øyrafossen Kraft SUS
v/ Magne Guddal
6966 GUDDAL

Vår dato: 21.12.2016
Vår ref.: 201006380-39
Arkiv: 312 / 082.D0
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Birgitte M W Kjelsberg

Øyrafossen kraft SUS – Søknad om løyve til bygging av Øyrafossen kraftverk i Kalstadelva i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til søknad datert 8.10.2015, om løyve til bygging av Øyrafossen kraftverk.

NVE meiner at kriteria i vassressurslova § 25; «Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet», ikkje er oppfylt, jf. § 35 første ledd, post 5 og 8. NVE gjev ikkje løyve etter vassressurslova § 8 for bygging av Øyrafossen kraftverk.

Ei nærare grunngjeving av vedtaket er gitt i vedlagte KSK – notat nr.: 76/2016 - *Bakgrunn for vedtak*.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan 23.1.2017, jamfør forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøklar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer råka interesser).

Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Øystein Grundt
seksjonssjef



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Magne Guddal
Sunnfjord Energi AS v/Ingvild Lange